



|                          |            |        |
|--------------------------|------------|--------|
| Styre, utval, komite m.m | Møtedato   | Saknr  |
| Eidfjord formannskap     | 18.02.2019 | 19/019 |
| Eidfjord kommunestyre    | 25.02.2019 | 19/004 |

## Uttale til ny fjellov

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Eidfjord kommune støttar NFS sitt forslag til høyringsuttale og stiller seg bak denne.

### **18.02.2019 - Eidfjord formannskap**

Røysting:  
Samrøystes tilrådd.

### **FSK - 19/019 - Vedtak:**

Eidfjord kommune støttar NFS sitt forslag til høyringsuttale og stiller seg bak denne.

### **25.02.2019 - Eidfjord kommunestyre**

Røysting:  
Samrøystes vedteke.

### **KST - 19/004 - Vedtak:**

Eidfjord kommune støttar NFS sitt forslag til høyringsuttale og stiller seg bak denne.

### **Vedlagt:**

**Desse har uttalt seg i saka:** Eidfjord fjellstyre har sendt eigen uttale og med kopi til kommunen

**Særutskrift skal sendast til:** LMD

## Endeleg avgjerd i: Kommunestyret

### Saka gjeld:

Statsallmenningslovutvalget har i NOU 2018:11 føreslått ei ny lov til erstatning for lov 6. juni 1975 om rettar og lunnende m.m i statsallmenningane (Fjelloven) og lov 19. juni 1992 om skogsdrift i statsallmenningene (Statsallmenningsloven).

Eidfjord fjellstyre har gitt uttale til Norges Fjellstyresamband (NFS), i tillegg har Utmarkskommunenenes Sammenslutning (USS) laga framlegg til uttale. Frist for uttale er sett til 28.02.2019.

Eidfjord fjellstyre har i si uttale gitt sin støtte til NFS si høyringsuttale. NFS har vore representert i lovutvalet med dagleg leiar. Fjellstyra sin representant har lagt vekt på å støtte opp om eit fleirtalsforslag i lovutvalet som dei meiner er eit godt kompromiss for statsallmenningane.

Sentralt frå NFS, og fjellstyra, si uttale vert sitert;

*«Statsallmenningene ivaretar mange rettigheter og interesser og NFS vil understreke at bred enighet er en viktig forutsetning for en effektiv og god forvaltning av statsallmenningene.*

*NFS mener flertallsforslagene vil bidra til forenkling og modernisering.*

*Flertallsforslagene vil sikre en bærekraftig bruk av statsallmenningene til beste for de med allmenningsrett, for samisk reindrift, for lokalsamfunnene og for storsamfunnet. Flertallsforslagene styrker det lokale selvstyret og innebærer overføring av oppgaver fra statlig til lokalt folkevalgt nivå. Forslagene legger til rette for mer lokal verdiskaping basert på ressursene i statsallmenningene.*

*Flertallsforslagene vil bidra til bedre folkehelse og bevaring av viktige tradisjoner for jakt, fiske og friluftsliv. De vil bidra til mer effektiv bruk av fellesskapets ressurser. Flertallsforslagene viderefører Statskog SF som grunneier i statsallmenningene, og skiller rollen til staten som eier og som myndighet i statsallmenningene.»*

Det vert for detaljer elles vist til NFS sin uttale som ligg vedlagt.

USS har i sitt framlegg til uttale hatt ein meir juridisk tilnærming og har peikt på følgjande tema av særleg tyding for kommunane;

- *Forenkling (sammenslåing styrer (fjellstyrer/allmenningsstyrer og lover),*
- *Styrking av den lokale forvaltningen / kommunenes myndighet i utmarka*
- *Kommunenenes rolle ved oppnevning av fjellstyrene, sammensetning*
- *Geografisk virkeområde,*
- *Avhending/feste,*
- *Selvfinansiert/statlig finansiering,*
- *Skog/virkesrett*
- *Oppsyn*

NFS og USS er samd i overordna prinsipp om lovsamanslåing, men USS meiner forslaget medfører ei svekking av kommunen sin stilling i forvaltning av statsallmenningane. USS er oppteken av at kommunane skal trekkjast sterkare inn i forvaltning av statsallmenningane og ikkje verta eit privat rettssubjekt for å sikra den lokaldemokratiske forankring. USS problematiserer dette delvis pga val av styrerepresentantar med jordbrukstilknyttede bruksretter som bl.a. beite, setring, tilleggsjord og hogst.

NFS sin representant har vore i dialog med USS og gir uttrykk for at det ikkje er stor forskjell i synspunkt. Frå NFS har det vore lagt vekt på å skapa brei semja om fleirtalsforslaget frå lovutvalet. Dette med bakgrunn i at det er ein frykt for at sprik i uttalene kan gi grunn for at andre krefter som ynskjer del i lokale rettar i statsallmenningane vinn fram.

Geir Underhaug  
rådmann

Elnan, Gunnar  
sakshandsamar

Rett utskrift: